



*sparebankstiftinga
sogn og fjordane*



ÅRSMELDING 2012

INNHOLD

- 3** Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- 4** Sparebankstiftinga sine styrande organ
- 5** Styring og kontroll med stiftinga si verksemrd
- 6** Årsmelding for 2012
- 10** Årsrekneskap 2012
- 13** Notar til rekneskapen 2012
- 21** Revisjonsmelding 2012
- 22** Gåver til allmennyttige føremål

Verdiskapning for mangfold,
trivsel og utvikling

www.sparebankstiftinga.no

GRAFISK UTFORMING:
Sparebanken Sogn og Fjordane /
E. Natvik Prenteverk AS

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sidan 1820-åra har sparebankane vore ein viktig føresetnad for utviklinga i landet vårt. At ein hadde ein lokal sparebank vart jamvel eit symbol på framgang i seg sjølv. På midten av førre århundret hadde ein dermed over 600 av dei her i landet: Lokalt eigde sparebankar kor ein kunne få kapital til å investere i eigen velstand på gode vilkår. Overskotet i banken vart pløygd tilbake som allmennytige gåver til det lokalsamfunnet som hadde skapt verdiane.

Sjølv om organiseringa har endra seg i løpet av desse snart 200 åra, er grunntanken og filosofien den same. 23 lokale sparebankar har etter kvart blitt til Sparebanken Sogn og Fjordane, som syt for bankdrifta. Overskotet går til eigarane Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane (94,12% eigarandel) og Sparebankstiftinga Fjaler (5,88%).

Vi sikrar eit stabilt og forsvarleg lokalt eigarskap, og forvaltar tradisjonane med å gje overskotet attende til samfunnet som har skapt det.

VERDIANE VÅRE

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vel å «investere» banken sitt overskot i tre kjerneverdiar: Midlane skal bidra til **trivsel, mangfald** og **utvikling** i Sogn og Fjordane. Difor leitar vi etter tiltak som kan glede mange menneske over tid. Dette kan vere innanfor kunst og kultur, idrett, miljø og klima eller utvikling av nærmiljø - det viktigaste for oss er at gåvene frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane utløyser aktivitet, entusiasme og engasjement i fylket vårt.

2012 - FØRSTE ORDINÆRE DRIFTSÅR

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert i 2010, og delte ut sine første gåver i 2011. Dette vart gjort gjennom to søknadsrundar; ein på våren og ein på hausten. Allereie første året fekk vi inn 907 søknadar på til saman over 58 millionar kroner frå heile fylket.

I 2012 auka både omsøkt sum og talet på søknadar radikalt, og vi registrerte 1134 søknadar om til saman over 105 millionar kroner i løpet av året. Stiftinga valde elles å supplere dei to ordinære søknadsrundane med ein fortløpende søknadsordning som vi kalla «forenkla søknad». Her kunne ein søkje om inntil 10 000 kroner og få svar innan 4 veker. Denne ordninga vart raskt populær, og 50,5% av søknadane var i denne kategorien i 2012.

Stiftinga har i 2012 hatt fokus på si eiga målsetting om openheit, og har lagt ned betydelege administrative ressursar på informasjonsarbeid. Nettsider og blogg, samarbeid med media og ikkje minst eigen kursverksemeld har fått mykje fokus dette året. Vi registrerer såleis med stor glede at kring 500 kursdeltakarar frå heile fylket har delteke på stiftinga sine gratis kurs i søknadskriving i 2012. Målsettinga med kursa er både ei kvalitetsheving på søknadane - og at dei allmennytige organisasjonane i større grad søker ekster finansiering også frå andre kjelder.

Sparebankstiftinga har òg utvikla fleire eigne allmennytige prosjekt i 2012, som «Årets Kultur-idé», Eldsjelsamlinga, Furorestipendet, «Årets Gründeridé» og «Barnegåva». Desse prosjekta har i stor grad vore organisasjons- og sjangerovergripande, og har hatt godt gjennomslag i media regionalt.

Sparebankstiftinga sine styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og skal ha 12 medlemer og 4 varamedlemer. Samansettinga skal spegle kundestrukturen i Sparebanken Sogn og Fjordane som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt til Sparebankstiftinga si verksemd. Medlemene skal veljast av og mellom innskytarar med bustadadresse Sogn og Fjordane, og som dei siste seks månader før kunngjeringa av valet har hatt innskot over 500 kroner i Sparebanken Sogn og Fjordane. Medlemene blir valde for 4 år, medan vara-medlemene blir valde for eitt år om gongen.

Sparebankstiftinga gjennomførte 7. mars 2012 innskytarval på 4 varamedlemer, ved at kundane stemde elektronisk. Kandidatane vart valde for eitt år.

Den årlege ordinære generalforsamlinga fastset dei økonomiske rammene for gåvetildeling etter framlegg frå styret. I tillegg skal generalforsamlinga godkjenne stiftinga sitt årsoppgjer og føre tilsyn med stiftinga si verksemd, fastsette godtgjersle til styret, føreta val av revisor og fastsette revisor si godtgjersle.

Styret skal ha 3 – 8 medlemer og 2 varamedlemer. Styret si samansetting skal reflektere samansettinga av dei grupper som har stemmerett på generalforsamlinga.

Styret skal sjå til at stiftinga sine midlar blir forvalta i samsvar med stiftinga sitt føremål og at verksemda er i samsvar med gjeldande lover, reglar og vedtekter. Styret skal også syte for utdelinga av gåver innanfor dei rammer som generalforsamlinga har bestemt.

GENERALFORSAMLING:

Medlemer

Jon Gimmestad, Sandane (leiar)
Bente Nesse, Vadheim (nestleiar)
Tom Joensen, Davik
Myrtel Janne Thomassen, Stryn
Tore Dvergsdal, Førde
Anne Margrethe Ramstad, Førde
Arne Klausen, Holmedal
Jarl Tyssekvam, Sande
Gro Rukan, Eikefjord
Viggo Leikanger, Naustdal
Agnes Landstad, Leikanger
Per Hillern, Sogndal

Varamedlemer

Inger Birgitte Flatjord Kjøsnes, Skei
Leidulf Gloppestad, Sandane
Britt Tjønneland, Førde
Dag Rune Mallasvik, Naustdal

STYRET:

Medlemer

Trude Brosvik, Eivindvik (leiar)
Kjartan Strand, Florø (nestleiar)
Tore Jakob Madsen, Florø
Kåre Furnes, Måløy
Aslaug Nesje Bjørlo, Sandane
Lise Mari Haugen, Askvoll
Bjørn Vollstad, Førde

Varamedlemer

Rolf Aamot, Lavik
Ingvild Hjelmtveit, Førde

ADMINISTRASJON:

Direktør Kjell Sandnes
Kultursjef Pål Fidjestøl

Styring og kontroll med stiftinga si verksemd

STRATEGI, RUTINAR OG KONTROLL

Som langsiktig og dominerande eigar av eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane forvaltar Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane store verdiar. Gjennom dette og ansvaret for utdeling av gåver til allmennyttige formål utfører vi også eit stort samfunnsansvar. For å sikre eit godt omdømme har styret vedtatt styringsprinsipp som skal gi samfunnet, styresmakter og styrande organ trygghet for at stiftinga sine formål blir innfridd og at verdiane i stiftinga blir sikra for framtida.

Styret har utarbeidd ein forvalningsstrategi som skal sikre at stiftinga sine verdiar blir forvalta på ein sikker og god måte, og at verdiane ikkje vert eksponerte for uventa hendingar. Det er også utarbeidd ein samhandlings- og eigarstrategi, som skal sikre at stiftinga kan oppfylle målet om eit tilfredsstillande utbytte og god verdiauke på eigenkapitalbevisa.

Ansvarsfordeling mellom styret og administrasjon og reglar for rapportering til styret er fastsett gjennom instruks for styret og dagleg leiar, prinsipp for styring og kontroll og rutine for risikostyring. I tillegg er det utarbeidd rutine for tenestekjøp, rutine for rekneskapsføring og rutine for gåvetildeling. Etterleving av desse rutinane er rapportert til styret saman med vurdering av internkontrollen. Det er sett i verk tiltak for forbetringar på område der det er påvist behov. Risikosituasjonen blir rapportert til styret periodisk.

OPENHEIT

Informasjon til banken og stiftinga sine interessegrupper om styrande organ, prosess for gåvetildeling og framtidige investeringar er viktige element i god styring av verksemda. Stiftinga har difor oppretta eigen nettportal der informasjon om styrande organ, vedtekter, strategi, etiske retningslinjer, søknadsskjema for gåver, søknadsfristar og opplysningar om kva for søkerar som blir prioritert/ikkje prioritert blir lagt ut.

Liste over tildelte gåver er lagt ut på stiftinga sine heimesider. Etter kvart som det blir aktuelt vil også opplysningar om stiftinga sin investeringsportefølje bli lagt ut.

FORVALTNING

I forvaltning av stiftinga sine verdiar skal det takast utgangspunkt i at stiftinga skal kunne delta i framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane og sikre stabil drift med gåveutdeling. Stiftinga skal ha evigvarande drift som utgangspunkt for si kapitalforvaltning og skal ikkje investere i høgrisikoproduct som derivat, strukturerte produkt, valuta, terminforretningar og enkeltaksjar. Det skal også visast stor grad av aktsemd for å unngå investeringar som utgjer ein uakseptabel risiko for medverknad til uetiske handlingar, krenking av menneske- og arbeidstakarrettar, korrasjon og miljø-øydeleggjegingar.

ETISKE RETNINGSLINJER

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er avhengig av full tillit frå alle interessegrupper; søkerar av gåvemidlar, styresmakter, leverandørar og andre forretningssamband, tilsette og frå folk flest. Det må ikkje vere tvil om tillitsvalde og tilsette sin profesjonalitet og integritet.

Det er difor utarbeidd etiske reglar som inneholder generelle prinsipp for aktsemd ved utøving av arbeid eller verv for stiftinga. Reglane gjeld for medlemer i styrande organ og alle tilsette.

Årsmelding 2012

BAKGRUNN OG FORMÅL

Kapitalen til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane kjem frå den kapitalen som er bygd opp gjennom bankverksemda i Sparebanken Sogn og Fjordane fram til 1. september 2010. Ved etableringa 1. september vart stiftinga tilført 17 835 000 eigenkapitalbevis notert til ein verdi lik pålydande kr 100. Dette betyr at stiftinga har eigenkapitalbevis til ein verdi av kr 1 783 500 000. Dette utgjorde også stiftinga sin eigenkapital ved skipingstidspunktet.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har som føremål å

- stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane og støtte opp om Sparebanken Sogn og Fjordane si vidareføring av sparebanktradisjonar.
- forvalte eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane som stiftinga vart tilført ved skipinga
- vidareføre sparebanktradisjonane ved mellom anna å gje deler av overskotet til allmennyttige formål

EIGARSKAP I SPAREBANKEN SGN OG FJORDANE

Sparebankstiftinga eigde ved utgangen av året 17 835 000 eigenkapitalbevis til ein bokført verdi på kr 1 783 500 000. Dette tilsvrar ein eigarandel på 94,12 % medan Sparebankstiftinga Fjaler eig 5,88 % av eigen-kapitalbevisa. Eigarforholda er uendra frå i fjar.

Styret vedtok i desember 2012 ein strategiplan som gjeld for perioden 2013 – 2015.

Stiftinga sin eigarstrategi er å vere ein langsiktig og stabil eigar i Sparebanken Sogn og Fjordane. Det er ikkje vedtektsfesta nokon fast eigarandelsprosent, men styret i stiftinga har gjennom fastsetting av stiftinga sin finansstrategi sett som mål å ha ein eigarandel på minimum 67 %.

Gjennom stiftinga sin finansstrategi har styret bestemt at deler av overskotet skal settast av til ein reserve til å kjøpe eigenkapitalbevis i framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg til ein slik reserve skal det også settast av likvide midlar tilsvarande tre års normal drift og gåvetildeling.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er med sin dominerande eigarandel i Sparebanken Sogn og Fjordane banken sin viktigaste kjelde til eigenkapital i vanskelege tider. Samtidig er utbytte frå banken stiftinga si viktigaste inntektskjelde. Med dette som utgangspunkt vil styre og administrasjon arbeide for eit godt samarbeid som bidrar til verdiskaping både for bank og stifting.

Stiftinga vil aktivt söke posisjonar i banken sine styrande organ og er i dag representert i både forstandarskap og valnemnd.

I konkrete saker vil stiftinga, med utgangspunkt i eigne vedtekter, støtte tiltak som gir eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane god og stabil verdiutvikling og høg direkteavkastning i form av utbytte. Følgjande hovudprinsipp vil vere førande for oppfølging av stiftinga sitt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane:

- Banken skal drive si verksemd i tråd med norske sparebanktradisjonar og verdiar
- Banken skal ha hovudkontoret i Sogn og Fjordane
- Banken skal ha ein moderat risikoprofil og god balanse mellom bedrifts- og personmarknad
- Banken sine tenester skal vere distribuert på ein god og effektiv måte.

FORVALTNINGSSTRATEGI

Eigedelane i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane består av

- Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane (1 7 835 000 bevis)
- Likvide midlar
- Fordringar

Styret vedtok i februar 2011 ein forvaltningsstrategi der det er bestemt at det skal settast av reserve til framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg skal det settast av reserve tilsvarande tre års drift og gåvetildelingar for å sikre kontinuitet i gávearbeidet. Begge reservane skal vere plassert i aktiva med låg risikoprofil (bankinnskot/rentefond).

For 2012 utgjer denne reserven 12,6 millionar kroner og er plassert i bankinnskot. Stiftinga har fått tilslagn om utbytte for året 2012 frå Sparebanken Sogn og Fjordane med kr 28 933 364. Beløpet er inntektsført i resultatrekneskapen og ført som fordring i balansen. Beløpet vil bli utbetaadt i mars 2013.

ÅGÅVER TIL ALLMENNYTTIGE FORMÅL

Gjennom strategiplanen har styret bestemt at inntil 50 % og maksimum 15 millionar kroner av årleg overskot i stiftinga skal avsettaast til gáver til allmennyttige formål. Ønsket er at kapitalen skal komme folk flest til gode og vere ei inspirasjonskjelde for enkeltmenneske, lag og organisasjoner til å realisere idear som støttar opp om dette. Dette kjem til uttrykk gjennom visjonen til stiftinga som er å vere *ei drivkraft for mangfold, trivsel og utvikling i Sogn og Fjordane* og gjennom stiftinga sine verdiar som er å vere *langsiktig, uavhengig og skapande*.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane lyste i 2012 ut to søknadsfristar for gåvetildeling; 1. mars og 1. september. Gåvene vart utbetaadt om lag to månader etter kvar søknadsfrist. I tillegg har stiftinga løpende gitt gáver til allmennyttige formål for gávebeløp under kr 10 000. Totalt vart det gjeve 8,8 millionar i gáver i 2012. Av dette vart om lag 4,8 millionar kroner utdelt våren 2012 og 2,7 millionar kroner hausten 2012. I tillegg er 500 000 kroner delt ut løpende gjennom året og i underkant av 1 000 000 kroner er utdelt gjennom eigne prosjekt.

Av dei 1 134 søkerne som kom inn til dei utlyste søkerne, vart det søkt om til saman over 105 millionar kroner. Av desse søkerne fekk 249 til saman ca 8 millionar kroner. Snittutbetalinga vart såleis om lag 32 000 kroner per gáve.

Styret sin gávestrategi er gjengitt på stiftinga sine heimesider www.sparebankstiftinga.no og i eigen artikkel i årsmeldinga saman med liste over utdelte gáver i 2012.

BALANSE

Stiftinga sin forvaltningskapital er ved årsskiftet på 1 825 085 000 kroner. I tillegg til eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane har stiftinga eit bankinnskot på kr 12 651 000.

RESULTAT OG DISPONERING AV OVERSKOT

Året 2012 er stiftinga sitt andre heile driftsår. Hovudposten i rekneskapen er tildelt utbytte fra 2011 frå Sparebanken Sogn og Fjordane på kr 16 494 000. Av dette er kr 8,8 millionar delt ut til gáver til allmennyttige formål i 2012.

Sparebanken Sogn og Fjordane sitt forstandarskap har i dag 14.03.13 vedteke å utbetale utbytte og gáver for 2012 på 35 millionar kroner. Dette er 15 millionar kroner meir enn utbytte som vart utbetaadt med utgangspunkt i 2011-rekneskapen for banken. Stiftinga sin del av dette utbytet er på 28 933 364 kroner og er ein auke på 12,4 millionar kroner. Med dette som utgangspunkt har stiftinga inntektsført utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane med kr 28 933 364 i 2012.

Driftskostnadene utgjer kr 4 366 000 og er i hovudsak knytt til utviklings- og driftskostnader for Sparebankstiftinga.

Dette gir eit årsresultat på 25 060 000 kroner.

Overskotet frå 2012 blir foreslått disponert slik:

- Gáver til allmennyttige formål i 2013: kr 12 500 000
- Avsetning gáver til allmennyttige formål i 2014: kr 3 500 000
- Annan eigenkapital: kr 9 060 000

STYRANDE ORGAN

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og har 12 medlemer; 7 menn og 5 kvinner. Medlemmene blir valde mellom Sparebanken Sogn og Fjordane sine kundar og blir valde for 4 år. I mars 2012 vart det gjennomført val på fire varamedlemmer. Kundane stemde elektronisk gjennom Sparebanken Sogn og Fjordane sin nettbank. I førekant av avstemminga kunne alle kundane foreslå kandidatar. 1285 stemmer vart notert. Kandidatane vart valde for perioden 2012 - 2013.

Styret har 7 medlemmer; 3 kvinner og 4 menn.

Styrande organ er nærmere gjort greie for i eigen artikkel i årsmeldinga og på Sparebankstiftinga sine heimesider
www.sparebankstiftinga.no

ADMINISTRASJON

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane leiger kontor i Sparebanken Sogn og Fjordane sine lokale i Førde. Frå 1. desember 2011 vart det tilsett direktør og kultursjef i faste stillingar. Stiftinga kjøper på forretningsmessig grunnlag tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette omfattar i hovudsak rekneskapsføring, it-tenester, marknadsføringstenester og andre prosjektretta oppgåver.

Styret vil arbeide for at stiftinga skal ha eit godt arbeidsmiljø. I dette ligg å arbeide for eit likestillings- og likeverdsperspektiv og eit godt samarbeidsklima.

Verksemda i stiftinga forureinar ikkje det ytre miljøet. Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Den framlagde rekneskapen gir ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

Førde 14. mars 2013
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane



Trude Brosvik
Styreleiar



Kjartan Strand
Nestleiar



Tore Jakob Madsen



Kåre Furnes



Aslaug Nesje Bjørlo



Lise Mari Haugen



Bjørn Vollstad



Pål Fidjestøl
(kst. direktør)



Resultat

TAL I TUSEN

DRIFTSKOSTNADER	Note	2012	2011
Ordinær lønn, honorar og liknande		2 304	717
Øvrige personalkostnader		376	48
Sum lønn og andre personalkostnader	6	2 680	765
Andre driftskostnader		1 686	2 544
Sum andre kostnader	8	1 686	2 544
Sum driftskostnader		4 366	3 309
DRIFTSRESULTAT		- 4 366	- 3 309
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter		495	436
Utbytte	9	28 933	41 209
Finanskostnader		- 2	- 13
Netto finansposter		29 427	41 632
ÅRSRESULTAT		25 060	38 323
Opplysningar om årsoppgjerdidisposisjonar:			
Avsette gåver		12 500	21 352
Overført til gavefond		3 500	8 000
Annan eigenkapital		9 060	8 971
Sum disponert		25 060	38 323

Balanse

TAL I TUSEN	Note	2012	2011
EIGENDELAR			
Anleggsmidlar			
Finansielle anleggsmidlar			
Investering i eigenkapitalbevis	2	1 783 500	1 783 500
Sum finansielle anleggsmidlar		1 783 500	1 783 500
OMLØPSMIDLAR			
Fordringar	9	28 933	16 494
Sum fordringar		28 933	16 494
Bankinnskot, kontantar og liknande	4	12 651	9 283
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		12 651	9 283
Sum omløpsmidlar		41 585	25 776
SUM EIGENDELAR		1 825 085	1 809 276
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten eigenkapital			
Grunnkapital	3	1 783 500	1 783 500
Sum innskoten eigenkapital		1 783 500	1 783 500
Opptent eigenkapital			
Opptent eigenkapital		16 239	7 178
Gåvefond		11 500	8 000
Sum opptent eigenkapital		27 739	15 178
Sum eigenkapital		1 811 239	1 798 678
Langsiktig gjeld			
Avsetning for forpliktingar	7	329	388
Sum langсiktig gjeld		329	388
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar		0	0
Skyldig skattetrekk m.m.	4	192	101
Leverandørgjeld		0	19
Annan kortsiktig gjeld		13 325	10 090
Sum kortsiktig gjeld	10	13 517	10 210
Sum gjeld		13 846	10 598
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		1 825 085	1 809 276

Førde 14. mars 2013

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane


Trude Brosvik

Styrelseiar



Kjartan Strand

Nestleiar


Tore Jakob Madsen

Tore Jakob Madsen


Kåre Furnes


Aslaug Nesje Bjørlo


Lise Mari Haugen


Bjørn Vollstad


Pål Fidjestøl
(kst. direktør)

Kontantstraum

TAL I TUSEN

Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar	2012	2011
Resultat	25 060	38 323
Endring i leverandørgjeld	- 19	- 111
Gåver	- 12 500	- 21 352
Implementering pensjonsordning	0	- 390
Endring i andre tidsavgrensningspostar	- 12 440	- 16 494
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	101	- 24
Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar		
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	0	0
Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar		
Endring kassakreditt	0	- 1 107
Endring anna kortsiktig gjeld	3 326	9 938
Endring langsiktig gjeld	- 59	388
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	3 267	9 219
Netto endring i likvider i året	3 368	9 196
Kontantar og bankinnskot per 01.01.	9 283	87
Kontantar og bankinnskot per 31.12.	12 651	9 283

Notar

NOTE 1 REKNEKAPSPrINSIPP

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart stifta 17. august 2010 og er lokalisert i Førde. Grunnkapitalen i stiftinga vart etablert 1. september 2010 i samband med at Sparebanken Sogn og Fjordane vart omdanna til eigenkapitalbevisbank. Årsrekneskapen er utarbeid i samsvar med reknesakslova og god reknesaksskikk.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfall til betaling innan eitt år etter anskaffelsestidspunktet. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av anskaffelsekost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opp-takstidspunktet. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Eigenkapitalbevisa som Stiftinga eig i Sparebanken Sogn og Fjordane er bokført som anleggsmidlar ut frå at dei er bestemt til varig eige. Etter reknesakslova §5-3 skal anleggsmidlar vurderast til anskaffelseskost og nedskrivast til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigaande. I mangel på børsnotering av eigenkapitalbevisa er verdien vurdert ut frå tilgjengeleg informasjon basert på rekneskapstal. Ut frå gjennomført verdi-vurdering av banken sin marknadsverdi er konklusjonen at nedskriving ikkje er aktuelt pr. 31.12.12 og at verdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane blir sett lik anskaffelseskost.

Inntektsføring frå finansielle instrument

Inntekter frå finansielle instrument vert resultatført når det vesentlege av risiko og avkastning er overført. For med mindre det foreigg ein betydelig sannsynlighetsovervekt for slik utdeling på balansedagen. Inntektsføring kan i dei tilfella skje i avsetningsåret. Stiftinga fekk i 2012 et klart tilsagn på utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane, og er av den grunn tatt til inntekt samme år.

Skatt

Det er innvilga skattefridom for alle transaksjonar i samband med omdanninga av Sparebanken Sogn og Fjordane til eigarandelsbank og etablering av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane. Stiftinga fell inn under Skatteloven sine reglar om skattefrie institusjonar.

Pensjonar

Stiftinga har ei yttingsbasert ordning. Økonomiske parameter lagt til grunn for utrekning av pensjonsansvar er oppdatert på balansedagen, herunder er diskonteringsrenta fastsett basert på marknadsrenter på balansedagen. Føresetnader gitt av Norsk Regnskapsstiftelse er lagt til grunn ved utrekning. Avvik mellom estimerte parameter og endelige parameter blir ført mot ein «korridor». Aktuarmessig vinst eller tap blir målt mot det største av brutto pensjonsansvar og sum pensjonsmidlar inkludert arbeidsgjevaravgift. Dersom avvik overstig 10% av målegrunnlaget blir differansen amortisert over gjennomsnittleg gjenverande oppteningstid. Netto pensjonsansvar vert ført som «Anna gjeld» i balansen. Netto pensjonsansvar vert utrekna som differansen mellom brutto pensjonsansvar, som er noverdien av estimert framtidig pensjonsyting og pensjonsmidlar i forsikringsfond eller pensjonspremiefond. Vidare er det i balanseført netto pensjonsansvar korrigert for akkumulert avvik i estimat og effekt av endra føresetnader.

NOTE 2 EIGENKAPITALBEVIS I SPAREBANKEN SGN OG FJORDANE

Stiftinga har slik eigarandel i Sparebanken Sogn og Fjordane:

TAL I 1000 KRONER	Eigarandel	Tal eigen-kapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane	94,12 %	17 835 000	100	1 783 500 000

Iflg. vedtekten til Sparebanken Sogn og Fjordane er det fastsett at eigarandelskapitalen maksimalt kan ha 40% stemmerett i forstandarskapet. Det er dirfor ikkje aktuelt å utarbeide konsernrekneskap.

Investeringa i eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane er bokført som anleggsmiddel og er vurdert til kostpris. Dette m.a. ut fra tala i rekneskapen til Sparebanken Sogn og Fjordane som er slik:

Nøkkeltal frå Sparebanken Sogn og Fjordane sitt årsrekneskap (konsern):

TAL I MILLION KRONER	2012	2011
Resultatrekneskap:		
Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden	328	67
Balanse		
Bokført verdi av eigenkapitalbevis	1 895	1 895
Bokført verdi utjamningsfond	265	123
Sum bokført verdi eigarandelskapital	2 160	2 018

NOTE 3 EIGENKAPITAL

TAL I TUSEN KRONER	Grunnkapital	Opptent eigenkapital	Gåvefond	Sum
Eigenkapital 31.12.2010	1 783 500	- 1 402		1 782 098
Disponerte gåvemidlar frå 2010		- 12 352		- 12 352
Resultat 2011		38 322		38 322
Utdeling av gaver 2012		- 9 000		- 9 000
Overføring til gåvefond		- 8 000	8 000	0
Implementering pensjonsordning		- 390		- 390
Eigenkapital 31.12 2011	1 783 500	7 178	8 000	1 798 678
Eigenkapital 31.12.2011	1 783 500	7 178	8 000	1 798 678
Resultat 2012		25 060		25 060
Avsatt til gaver 2013		- 12 500		- 12 500
Overføring til gåvefond		- 3 500	3 500	0
Eigenkapital 31.12 2012	1 783 500	16 239	11 500	1 811 239

NOTE 4 BANKINNSKOT

TAL I TUSEN KRONER	2012	2011
Driftskonto inkl. avstemningspost	12 534 014	9 211 934
Bundne skattetrekksmidlar	117 131	70 849
Sum	12 651 145	9 282 783

NOTE 5 GÅVEUTDELING

a) Gåver tildelt per søknad:

Lag	Tildelt sum	Lag	Tildelt sum
4H Sogn og Fjordane	49 240	Fjærland skyttarlag	30 000
4H Sogn og Fjordane	140 000	Flatraket Idrettslag	19 200
4H Sogn og Fjordane	150 000	Flatraket Skulekorps	3 000
A/L Skogly	50 000	Flora Cykleklubb	20 000
Aktiv Raudeberg	30 000	Flora hav- og fjellsportgruppe	10 000
Annai Poopathi Tamilsk	10 000	Flora Hestesportsklubb	10 000
Kultursenter avd Florø		Flora Tamilske Barne- og foreldrelag	5 000
Asheim Grendahus	4 000	Floraskulen Brass Band	30 000
Askrova Bygdelag	10 000	Florø Hornmusikk	10 000
Askvoll Musikklag	2 000	Florø Skoles Musikkorps	20 000
Askvoll og Holmedal Idrettslag	25 000	Folkeakademiet Askvoll	3 000
Atløy Idrettslag	38 750	Foreldreutvalet ved	
Barekstad og Hovdevåg		Oppstryn skule og barnehage	12 000
grendalag	29 000	Fres Festival	7 000
Berle grendalag	9 000	Frivilligsentralen i Jølster	10 000
Berle Hobbyklubb	3 000	Førde bogeskyttarklubb	4 000
Bjerga Leikeplass	10 000	Førde IL	200 000
bjordal-soreide@skytterlag.no	3 000	Førde IL Alpin	20 000
Brak	300 000	Førde IL Turn	40 000
Breimsbygda Idrettslag		Førde IL-handball	150 000
ved Volleyballgruppa	20 000	Førde Kammerkor	15 000
Breimskoret	4 000	Førde lokallag av NFU	2 000
Brekke Skulemusikkorps	9 000	Førde Minigospel	2 000
Bremanger idrettslag	80 000	Førde Opp v/Førde Idrettslag	75 000
Bremanger IL Handball	9 000	Førde Seniordans	2 000
Bremanger Kino &Scene	7 000	Førde Skateboardklubb	100 000
Bremanger Skulemusikk	5 000	Førde Skulemusikkorps	25 000
Bryggja idrettslag	50 000	Førde speidargruppe av NSF	20 000
Bulandet idrettslag	70 000	Førde Ungdomslag	9 900
Bulandet Ving	2 000	Førde volleyballklubb	300 000
Bygdelaget Havglint	8 000	Gaular Fotball Akademi 2012	6 000
Bygstad Ungdomslag	5 000	Gaular Idrettslag	75 000
Byrknes skulemusikk	2 000	Gaular IL/Langrennegruppa	3 000
Dale Ungdomslag	50 000	Gaularspelet	10 000
Dalsøyra Idrettslag	400 000	Gloppen Friidrettslag	3 000
Dysleksi Indre Nordfjord	2 000	Gloppen Handballklubb	100 000
Eid Musikklag	10 000	Gloppen Musikkforum	8 000
Eidsfossen Sykkkelklubb	3 000	Gloppen ungdomsråd	8 000
Eikefjord grendalag	40 000	Gloppenalliansen/	
Eikås ungdomslag	3 000	Gloppen Friidrettslag	5 000
Elskhug og Eksis	40 000	Harpefossen Skipatrusje	10 000
Farnes Mannskor	5 000	Haugland internasjonale FoU-senter	
Farnes skyttarlag	3 000	(HIFUS)	73 000
Farnes Ungdomslag	80 000	Haukedalen Bygdekvinneleg	2 000
Fjellhug Vereide IL	54 000	Haukedalsgruppa i Førde Idrettslag	10 000
Fjelli Ungdomslag	6 000	Helgatun grendahus	5 000
Fjellklang spml. og Jølstrabelgen	20 000	Hestadgrend Grendahus	5 000
Fjordane Krets DFS	70 000	Hildastrandaleikeplass	9 000
Fjordbrass Lavik	3 000	HLF Eid - Hornindal - Stryn	2 000
Fjorden bygdelag	25 000	Holmedal Vel	14 000
Fjordklang	7 000	Holvik Skulekorps m. fleire	5 000
Fjærland Skulekorps	15 000	Hornindal kommune	50 000

NOTE 5 GÅVEUTDELING, framhald

Lag	Tildelt sum	Lag	Tildelt sum
Hornindal Skisenter A/S	100 000	Norsk forbund for utviklingshemma	
Hornindal spelemannslag	5 000	Gloppen lokallag	3 000
Hugin Musikkforum	50 000	Norske redningshunder Dio 08	
Hyllestad idrettslag - fotballgruppa	10 000	(Sogn og Fjordane)	30 000
Hyllestad Musikklag	16 000	Norum Skyttarlag	3 000
Høyanger skulemusikk	25 000	Nybø grendalag	20 000
IL Jotun Friidrettsgruppa	20 000	Pensjonistforbundet	
Innvik ungdomslag Heimlund	50 000	Sogn og Fjordane	45 000
Instedalen Skianlegg	55 000	Qfilm festival	9 000
Jomentum	5 000	Redningsselskapet	
Jølster Jazzklubb	10 000	Sogn og Fjordane	75 000
Jølster KFUK-KFUM-speidrarar	20 000	Rekruttskulen «Grand Jetè»	
Jølster Tango	25 000	(=Det Store Spranget)	38 000
Kalvåg Skulemusikk	20 000	Rogavlnemnda Værlandet Vel	3 000
Kaupanger idrettslag	60 000	Roseklubben	8 000
Kaupanger Skule og Ungdomskorps	20 000	Sandal Krins	5 000
Kaupanger speidargruppe	30 000	Sandane skulekorps	20 000
Kia Florø	2 000	Sandane Turn- og Idrettslag	100 000
Kinnaspelet	100 000	Sande blandakor	4 000
Kulturleiargruppa i Nordfjord	30 000	Sande og Bygstad Skulemusikk	9 000
Kumle Kvinne- og Famililag	13 050	Sande Tweenskor	1 000
Kunstgras på ballbane på Gjelsvik		SANGGLEDE	2 000
skule ved Førdefjorden Vel	35 000	Sildevika Velforening	30 000
Langeland Ski- og fritidssenter AS	75 000	Skavøypoll skulemusikk	10 000
Lavik IL	100 000	Skor grendelag	6 000
LAVIK SKULEMUSIKK	25 000	Skorpa Bygdelag	4 000
Leik- og samlingsplassen på Nornes		Sogn og Fjordane Døveforening	
(Nornes vel)	50 000	Sterkt tunghørt/døvblittgruppa	2 000
Leikanger Jakt- og Fiskelag	35 000	Sogn og Fjordane FK, Sogn og	
Leikanger kommune/barneskulen	3 400	Fjordane Friidrettskrins,	
Leikanger MC-klubb	7 000	Breimsbygda IL, Sogndal United	9 900
Leikanger Musikklag	20 000	Sogn og Fjordane Folkemusikklag	50 000
Leikanger skyttarlag	23 000	Sogn og Fjordane Fotballkrets	150 000
Leikanger Ungdomslag	40 000	Sogn og Fjordane Friidrettskrins	143 000
Leirvik Grendalag	22 500	Sogn og Fjordane musikkråd	100 000
Losnaspelet	10 000	Sogn og Fjordane Orienteringskrins	30 000
Mental Helse Vågsøy	2 000	Sogn og Fjordane Røde Kors	360 000
Måløy Idrettslag	40 000	Sogn og Fjordane Skikrins	60 000
Måløy IL Sykkkel	25 000	Sogn og Fjordane Skogeigarlag	50 000
Måløy musikklubb	3 000	Sogn og Fjordane	
Måløy Seilforening	20 000	Symfoniorkester	10 000
Naturvernforbundet i		Sogn og Fjordane Turlag	170 000
Sogn og Fjordane	50 000	Sogndal songlag	6 000
Naustdal Mållag	2 000	Solheimsdalen Grendalag	25 000
NFU Sogn og Fjordane	20 000	Solund Frivilligsentral	5 000
Norddalsfjord Grendalag	25 000	Solund idrettslag	3 000
Nordfjord Performing Arts Academy	9 000	Solund Næringsutvikling AS	25 000
Nordfjord Taekwondoklubb	4 000	Solund Ungdomslag	70 000
Nordfjord Team Skiskyting	50 000	Sparebankleikane	4 000
Nordfjord Turn	60 000	Stadlandet idrettslag	25 000
Norfjordeid Skulekorps	40 000	Stadlandet Ungdomslag	9 000
Norges Blindeforbund		Stiftinga Den norske bokbyen	30 000
Sogn og Fjordane	5 000	Stiftinga Norsk Country Treff	20 000

NOTE 5 GÅVEUTDELING, framhald

Lag	Tildelt sum	Lag	Tildelt sum
Stongfjorden Arbeidsstove	2 000	Ungdomsklubben Ope Hus	5 000
Storehesten Opp v/ Gaular IL	75 000	Ungdomsrådet i Naustdal	8 000
Stryn KFUK-KFUM-speidrarar	5 000	Unni Løvliid ensemble	9 000
Stryn Skulekorps	5 000	Utvik Amigos	1 000
Stryn Turn & Idrettslag	90 000	Venneforeninga for	
Studentsamfunnet i Førde	50 000	Bispestova i Lavik	4 000
Sunnfjord Golfklubb	20 000	Vereide Utviklingslag	
Sunnfjord Kajakkklubb	2 000	og Nordfjord Folkehøgskule	30 000
Sunnfjord Rock & Metal	4 000	Vettreiene Bustadfelt	50 000
Sunnfjord sopp- og nyttevekstforening	5 000	Viksdalen idrettslag	55 000
Svanøy Grendautval	31 000	Viksdalen Seniordans	1 000
Svelgen Kino	10 000	Værlandet Bedehusklubb	1 000
Svelgen Samfunnshus	20 000	Våge Oppedal Bygdelag	5 000
Svelgen Turn- og Idrettsforening	80 000	Vårblomen barnelag	2 000
Symjegruppa i Stil	8 000	Vårsol Barneforening	2 000
Systrand speidargruppe	25 000	Øen bondekvinnelag	1 000
Sørstrand Folkepark	150 000	Øvre Årdal Janitsjarkorps	25 000
Takle-Hjartholm Grendalag	48 700	Åmot Operagard	50 000
Tambarskjelvar Idrettslag v/Barneidretten	20 000	Åse og Grimset grendalag	6 000
Tambarskjelvar IL	100 000	Åsen Vel	3 000
Telegrafen ungdomakafe	5 000	Nokre av mottakarane har fått to gåver i løpet av året; i desse tilfella er summen slått sammen i oversikten.	
TF&IF Tonaka Taekwondo	10 000		
Torvund og Aven grendelag	2 000		

b) Eigen-initierete prosjekt:

«Bank-gåva» (Kronerulling til Keilevågsbrua i Florø)	375 000
«Årets Kultur-idé 2012» (vinner: Utkantfestivalen)	100 000
«Årets gründer-idé 2012» (vinner: Highsoft Solutions)	50 000
«Eldsjelsamlinga 2012»	180 000
Furorestipend 2012 - 7 stipend à 25.000 og 2 stipend à 50.000 (+ omk.)	300 000
Søknadskurs 2012	

*) Kostnadar ifm. prosjektet er dekka av administrasjonsposten

NOTE 6 LØNSKOSTNADER, GODTGJERSLE, TAL TILSETTE

TAL I HEILE KR	2012	2011
Lønskostnader		
Lønninger m.m	1 394 442	147 772
Honorar Styre	421 980	475 773
Arbeidsgjevaravgift	245 069	69 781
Pensjonskostnader	234 255	16 799
Anna	384 266	55 226
Sum	2 680 012	765 351
Tal årsverk	2	0,17
Tal tilsette pr 31.12.	2	2

Det er ikkje ytt lån til medlemar av styret eller til tilsette.

Ein av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sine to tilsette er innvilga permisjon frå 01.01.2013..

NOTE 7 PENSJONSKOSTNADER

TAL I HEILE KR

Generelt

Sparebankstiftinga Sparebanken Sogn og Fjordane er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon, og pensjonsordningane oppfyller krava i denne lova. Sparebankstiftinga har følgjande pensjonsordningar:

1. Foretakspensjonsordning

Foretakspensjonsordning sikra gjennom forsikringsselskap. Pensjonsytinga omfattar alderspensjon, uførepensjon, ektefelle- og barnepensjon og supplerer yting frå Folketrygda. Full pensjon krev ei optentingstid på 30 år og gir rett til alderspensjon på tilnærma 70 prosent av sluttløn.

Ved avslutning av arbeidsforholdet før pensjonsalder blir det gitt rett til fripolise. Uføre- og etterlattepension for dei tilsette og etterlattepension for alderspensionistar er ei risikodekning utan kapitaloppbygging. Den årlige premien for risikodekninga inngår i pensjonskostnadene.

2. Avtalefesta førtidspensjon (AFP)

AFP inneber at den tilsette kan slutte med AFP ved fylte 62 år. Det er ikkje foretatt avsetning i balansen for AFP ordninga. Den nye AFP ordninga blir finansierast gjennom årlege premieinnbetalingar og blir innrekna i rekneskapen som ei innskotsordning.

Økonomiske føresetnader

	2012	2011
Diskonteringsrente	3,90 %	3,30 %
Forventa avkastning	4,00 %	4,80 %
Lønnsauke	3,50 %	4,00 %
G-regulering	3,25 %	3,75 %
Regulering av løpende pensjon	0,20 %	0,70 %
Amortiseringsfaktor (Forventa gjenståande tenestetid)	11,66	12,23
Arbeidsgjevaravgift – sats	10,60 %	10,60 %

Demografiske føresetnadar

Tabell for dødsrisiko	K2005 + 10/15	K2005
Uføretariff	IRO2	IRO2
Frivillig avgang (alle aldersgrupper)	0 – 8%	0 – 8%

Pensjonskostnad

	2012	2011
Noverdi av pensjonsopptening for året	Sikra	Sikra
Rentekostnad på pensjonsforpliktning	243 234	19 731
Administrasjonskostnadar	105 738	8 757
Avkastning på pensjonsmidlar	44 267	0
Periodisert arbeidsgjevaravgift	- 142 599	- 11 408
Netto pensjonskostnad inkl. a. avg.	26 568	2 408
	277 208	19 488

Balanseført pensjonsforpliktning

	31.12.12	31.12.11
Pensjonsforpliktning	3 515 001	3 204 174
Marknadsverdi av pensjonsmidlane	3 225 242	2 846 466
Netto pensjonsforpliktning eks. a. avg.	- 289 759	- 357 708
Arbeidsgjevaravgift	- 30 714	- 50 437
Netto pensjonsforpliktning inkl. a. avg.	- 320 473	- 408 145
Ikkje resultatført planendring/implementeringsverknad	0	0
Ikkje resultatført estimatavvik tap/ vinst	- 8 757	20 210
Netto balanseført pensjonsforpliktning inkl. a. avg.	- 329 230	- 387 935

Overføring av netto pensjonsansvar pr. 01.12.2012 er ført mot eigenkapitalen.

NOTE 7 PENSJONSKOSTNADER, framhald

Pensjonsforpliktning

	31.12.12	31.12.11
Inngående balanse	3 204 174	3 184 443
Årets pensjonsopptening	243 234	19 731
Rentekostnad på pensjonsansvar	105 738	8 757
Flytting av medlemmer	0	0
Aktuarielt tap/vinst	- 38 145	- 8 757
Pensjonsutbetalingar	0	0
Sum	3 515 001	3 204 174

Pensjonsmidlar

	31.12.12	31.12.11
Inngående balanse (verkeleg verdi)	2 846 466	2 842 460
Forventa avkastning	142 599	11 408
Aktuarielt (tap)/vinst	- 12 514	- 26 470
Administrasjonskostnader	- 44 267	0
Flytting av medlemmer	0	0
Innbetaling premiar	292 959	19 069
Utbetaling pensjonar	0	0
Utgående balanse (estimat)	3 225 243	2 846 467

Tal personar omfatta av sikra pensjonsordning

	31.12.12	31.12.11
Aktive	2	2
Pensjonistar	0	0
Totalt	2	2

Plassering av pensjonsmidlar

Pensjonsavtalen er forsikra gjennom Vital Forsikring ASA

	31.12.12	31.12.11
Aksjar	9,20 %	9,20 %
Omløpsobligasjoner	15,60 %	15,20 %
Pengemarknad	18,30 %	22,30 %
Anleggsobligasjoner	36,80 %	35,00 %
Eigedom	18,30 %	17,50 %
Anna	1,90 %	0,40 %
Sum	100,00 %	100,00 %

Med verknad frå 01.01.2013 vil stiftinga ta i bruk revidert IAS 19 Ytingar for tilsette. Endringar som følgjer av IAS 19R vil påverke rekneskapsføring og presentasjon av yttingsbaserte pensjonsordningar. Vidare er opplysningskrava (notekrav) knytt til yttingsbaserte pensjonsavtalar endra. Endringane inneber mellom anna at det ikkje lenger er høve til å ha ein korridor ved rekneskapsføring av estimatavvik. I staden skal estimatavvik rekneskapsførast i den enkelte rekneskapsperiode.

NOTE 8 DRIFTSKOSTNADER

TAL I HEILE KR

Ytingar til revisor:

	2012	2011
Deloitte AS	43 750	43 750
Lovpålagt revisjon	0	0
Attestasjontenester	5 175	11 500
Anna bistand	48 925	55 250

Andre kostnader:

	2012	2011
Innleigd dagleg leiar	0	755 272
Kjøpte tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane	843 888	973 740
Marknadsføring	162 862	356 479
Møtekostnader	79 993	
Kontingent	159 925	
Telefon	39 573	
Anna	351 100	403 078
Sum	1 637 341	2 488 569

Sum andre driftskostnader **1 686 266** **2 543 819**

Stiftinga har i 2012 kjøpt diverse tenester av Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette inkl. m.a. rekneskapsføring og tenester knytt til administrasjon av gåvesøknader. For dette er det belasta kr 843 888.

NOTE 9 FORDRINGAR

TAL I HEILE KRONER

Tilsegn om utbytte for året 2012 frå Sparebanken Sogn og Fjordane: - 28 933 364

NOTE 10 ANNA KORTSIKTIG GJELD

	2012	2011
Trekk kassekredittkonto	0	0
Leverandørgjeld	0	19 069
Pensjonsansvar	329 230	387 934
Avsette ikkje utbetalte gavemidlar	13 107 189	9 902 666
Anna kortsiktig gjeld	409 573	288 479

13 845 992 **10 598 148**

Til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ REVISOR

Deloitte.

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, som består av balanse per 31. desember 2012, resultatrekneskap som viser et overskot for rekneskapsåret avslutta per denne datoен, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilet i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meinung om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilet. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meinung om effektivitetten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane per 31. desember 2012 og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve

Konklusjon om årsmeldinga og bruk av overskotet

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, samt framlegget om bruk av overskotet, er i samsvar med lov og forskrifter og at opplysningane konsistente med årsrekneskapen.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdelinga og forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta og utdelingane er føretatt i samsvar med lov, stiftingas formål og vedtektenes elles.

Florø, 14. mars 2013
Deloitte AS

Rune Norstrand Olsen
statsautorisert revisor

Gåver til allmennytige føremål

GÅVER TIL ALLMENNYTTIGE FØREMÅL

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal vidareføre sparebanktradisjonane, mellom anna ved å gje gåver til allmennytige føremål. Gjennom gåvetildelingane skal vi gjere Sogn og Fjordane til ein rikare og betre plass å vere, gjennom å fremje verdiar som **mangfold, trivsel og utvikling**.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vidareførte i 2012 dei to søkerstidene frå 2011; 1. mars og 1. september. Gåvene vart utbetalt ca. to månader etter kvar søkerstid. I tillegg vart det innført ein «forenkla søker» med forløpende søkerstid (og utbetaling), kor ein kan søkje om inntil 10 000 kroner og få svar på søkeren innan fire veker.

4,8 millionar av gåvemidlane vart delt ut på våren, og 2,8 millionar kroner i haust-runden. Kr 500 000 vart delt ut forløpende til kategorien «forenkla søker», medan stiftinga sine eigne allmennytige prosjekt disponerte i underkant av 1 millionar kroner.

Sparebankstiftinga har også i år fokusert på breiddgåver til det mangfoldige organisasjonslivet i fylket, av di vi meiner desse utgjer sjølve grunnmuren i den allmennytige aktiviteten i fylket vårt. Det er dessutan eit mål at gåvene skal utløye meir aktivitet, og at fleire engasjerer seg i og tek ansvar for at fylket vårt blir ein enda betre plass å bu. Ved å kanalisere stiftinga sine gåvemidlar gjennom organisasjonslivet, vert midlane multiplisert gjennom den frivillige innsatsen og den trivselen som organisasjonane genererer, noko som i sum gir eit fornuftig og svært positivt samfunnsrekneskap.

Av dei 1134 søkerane stiftinga fekk inn i løpet av året, vart det søkt om til saman over 105 millionar kroner. 249 av desse søkerane fekk til saman 8 000 000 kroner. Snitt-utbetalinga var om lag 32 000 kroner per gave.

NOKRE AV GÅVENE I 2012

På dei neste sidene er ei oversikt over alle tiltak/organisasjonar som fekk gåver frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane i 2012. Men for å gje eit lite bilete på kva stiftinga ønskjer å utrette med gåvetildelingane, trekkjer vi fram nokre få dømer her:

Aud Julie er produktdesignar

26 år gamle Aud Julie Befring frå Jølster vart i vår ferdig med sitt studium i produktdesign ved Høgskulen i Oslo/Akershus. I januar 2012 vann ho den høgthengande prisen «Morgendagens helter» i regi av Norsk Husflidlag og Statoil for ein puff ho hadde designa, inspirert av både gamle trikkemønster og lafte-teknikk frå Stardalen i Jølster. I juni 2012 sendte Aud Julie inn ein søknad på Furorestipend, som er Sparebankstiftinga sine personlege stipend. Her kan talentfull ungdom frå Sogn og Fjordane i alderen 15-30 søkje på stipend frå 10-100 000 kroner i kategoriane idrett, kultur og «open klasse». Aud Julie søkte i den siste kategorien, og fekk 25 000 kroner i stipend slik at ho fekk råd til naudsynt programvare for å starte verksemda si som produktdesignar.



Som ein del av Furorestipendet fekk Aud Julie òg ein foto-session med fotograf (og tidlegare Furore-vinner) Thomas Morel. Dette vart resultatet.

Keilevågbrua i Florø

Florø er som mange stader her i fylket velsigna med fantastiske sentrumsnære turområde. Det som gjorde turløypa over Keilevågen i Florø særleg praktiske og populære, var at ho danna ei rundløype - fram til den gamle Keilevågbrua vart stengd hausten 2011. Ny bru kosta 2 millionar kroner, men etter at dei ansvarlege partane hadde vrengt lommene, mangla det framleis tre kvart million kroner; eit beløp som òg var høgare enn det Sparebankstiftinga kunne bidra med. Då kom eit lyst hovud i Sparebanken Sogn og Fjordane si Florø-avdeling med idéen om at stiftinga kunne doble kvar krone ein fekk frå private og bedrifter i Florø. Sparebankstiftinga gav garantien på halve beløpet - 375 000 kroner - og

berre eit par månader etter var bruа fullfinansiert! Vi gratulerer Florø med både gode idéar og flott fellesskapskjensle - og gler oss til å gå tur over Keilevågen utpå våren 2013.



Keilevågbrua. (Foto: Firdaposten.)

Fri sykkel i Måløy IL

Måløy IL Sykkel representerer den desidert største gruppa mottakarar av gåver frå Sparebankstiftinga; dei mange frivillige lag og organisasjonane i fylket vårt. Måløy IL Sykkel vart skipa i 2012, og eit av dei første tiltaka dei ønskte å gjennomføre, var å senke terskelen for barn og unge til å drive med idretten deira. Difor sökte og fekk dei ei gave på 25.000 kroner til fem landevegssyklar, slik at barn og unge kunne vere med på turar og prøve ut sykkelsporten utan at dei trengte investere i sykkel på førehånd. Tiltaket er verken komplisert eller spesielt genialt, men er eit enkelt, sjølvforklarande og typisk døme på korleis foreiningane og Sparebankstiftinga saman kan løfte kvarldagen for ungdom i fylket med kjappe og enkle metodar.

Gjennom stiftinga sin gávestrategi har styret bestemt at følgjande søkerar skal prioriterast:

- Prosjekt og organisasjonar som arbeider for og med barn og ungdom.
- Prosjekt og organisasjonar drive av frivillige.
- Tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet skal prioriterast framfor kortvarige aktivitetar, arrangement og prosjekt.
- Lokalt forankra prosjekt skal prioriterast framfor større, fylkesdekkande prosjekt i situasjonar der vi har avgrensa midlar til fordeling.
- Prosjekt og organisasjonar som har klare visjonar og tankar bak sine tiltak.

Det vert ikkje gjeve støtte til:

- Politiske parti eller føremål som kan utnyttast i politisk samanheng.
- Næringsverksemder eller prosjekt i regi av kommersielle selskap der det ikkje er tydleg avklara korleis selskapet handterer eit eventuelt overskot av prosjektet, eller der det er uklårt om det ligg kommersielle interesser bak.
- Typiske offentlege oppgåver.
- Lukka medlemsorganisasjonar.
- Religionsutøving
- Prosjekt som er fullførte eller påbegynte før søknadsfristen.

Søknader om rein driftsstøtte (lønn, husleige og andre driftskostnader) vil normalt verte prioritert etter søkerar om tiltak og investeringar med langvarig verdi og nytte for lokalsamfunnet.

Søkarar som av ulike grunnar ønskjer å halde søkeraden sin utanfor ålmenta, skal respekterast. Alle tildelte beløp er likevel offentlege.

Avslag på gávesøknader vil ikkje bli grunngjeve. Søknadsskjema og søknadsfristar blir kunngjort på stiftinga sine heimesider.

Styret i Sparebanken Sogn og Fjordane har i styremøte den 05.02 2013 tilrådd utbetaling av utbytte på 35 MNOK, kor av om lag 28,9 millionar kroner tilfell Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sine eigenkapitalbevis. Endeleg vedtak om utbytte vert gjort av forstandarskapet i møte den 14.03. 2013. Generalforsamlinga i stiftinga vedtek kor stor del av utbyttet som skal delast ut som gåver.